
Saksnr: 2020/71475-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Møteplan i 2021 for Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune**Forslag til vedtak**

Forslag til møteplan for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune for 2021 vert godkjend slik den ligg føre.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal vedta sin eigen møteplan for 2021.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forslag til møteplan for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det blir med dette lagt fram forslag til møteplan for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune for 2021. Planen er utarbeid med utgangspunkt i møteplanen som vart vedteke i fylkestinget 30.09.2020. Her vart det også vedteke at fylkesutval/finansutval får fullmakt til å sjølv sette opp sin møteplan. Det er også teke omsyn til at medlemmene i kontrollutvalet kan delta på dei 3 planlagde politikardagane i 2021 ved at det er føreslått møte i kontrollutvalet dagen etter desse, dvs. 17.02.2021, 21.-22.09.2021 og 26.11.2021. Sidan kontrollutvalet berre har 7 medlemmer er det føremålstenleg at møteplanen i så stor grad som mogleg vert tilpassa slik at alle dei faste medlemmene har høve til å møte.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å vedta eigen møteplan, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Møta i denne planen er elles i hovudsak føreslått lagt til måndagar slik at møta vert lagt til andre dagar enn dei dagane dei andre hovudutvala har møter. Dette m.a. for å unngå problem med å skaffe møterom. Det er så langt som råd er teke omsyn til skulerutene 2021 - 2022 for skulane i Vestland. Det er tradisjon for at kontrollutvalet ein gong i året legg eit to-dagars møte ein plass ute i fylket. For 2021 er det føreslått lagt til september. Dette vert kombinert med kommunebesøk samt synfaring på fylkeskommunale einingar og/eller einingar som får støtte frå fylkeskommunen.

Følgjande opplysningar kan elles vera relevant i samband med oppsett av møteplanen:

- Avvikling av andre politiske møte i Vestland fylkeskommune. Dette av omsyn til at administrasjonen ofte vert invitert til møte i kontrollutvalet, samt at nokre saker må bli klar i kontrollutvalet før dei skal opp i fylkesutval eller fylkesting
- Avvikling av politiske møte i eigen heimkommune
- Kurs og konferansar for kontrollutval og sekretariat
- Vinterferie for dei fleste skulane 22. februar - 05. mars 2021
- Påske 29. mars - 05. april
- Kristi himmelfartsdag 13. mai
- Pinse 22. mai - 24. mai
- Haustferie truleg veke 40, 4.-10. oktober

Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over er det utarbeidd forslag til møteplan som ligg ved.